



Vår dato:

24.06.2022

Vår ref:

2022/8041

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Begrensa høring - Alver - Hilland Vest felt 4 - reguleringsplan - forenkla prosess

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.06.2022. Saka gjeld søknad om endring av reguleringsplan Hilland Vest felt 4 del II, etter forenkla prosess jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 12-14 andre ledd.

Planforslaget inneber å leggje til rette for to bustader og friområde, i eit området som i reguleringsplanen har formål særskilt allmennytig formål (barnehage/grendahus).

Statsforvaltare si vurdering

Kommunen må vurdere om det er grunnlag for å endre planen med forenkla prosess. Dette inneber mellom anna å vurdere vilkåra som kjem fram av pbl § 12-14 andre ledd.

Reguleringsplanen for Hilland Vest felt 4 II, er ein eldre reguleringsplan, og kommunen bør sjå endringa i samanheng med pbl. § 12-4 femte ledd. Her står det mellom anna at om eit bygge- og anlegg tiltak som vert heimla i reguleringsplanen ikkje er satt i gong seinast ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen syte for at planen i nødvendig grad er oppdatert. Om planen ikkje er det, og ein difor ikkje i utgangspunktet kan bygge etter han, vil det vere vanskeleg å gjere endringar med forenkla prosess.

Kommunen bør difor vurdere dette, før ein vurderer om det er grunnlag for å endre planen med forenkla prosess.

Barn og unge

Konkret ber vi kommunen vurdere om det er nok felles leikeplassar i området til å følgje opp krav satt i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

Støy

Deler av området ligg også i gul støysone frå veg. Dette er ikkje handtert i planforslaget, men skal handterast i byggesa. Retningslinjene for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) er klar på at i støy er eit plantema. Her står det mellom anna:



«Planforslaget skal være tilstrekkelig detaljert. For å kunne ta stilling til planforslag som berører støyutsatte områder med støyfølsom bebyggelse, må det utarbeides en detaljert støyutredning. Utredningen skal gi tilstrekkelig kunnskap om støysituasjonen og synliggjøre behovet for tiltak mot støy. Støyutredningen skal bidra til at det utarbeides konkrete og hensiktsmessige reguleringsbestemmelser tilpasset planområdet og støysituasjonen, og gi kommunen et tilstrekkelig grunnlag for å vurdere om planen kan vedtas.»

Vi vurderer at støy frå veg ikkje er godt nok vurdert i planforslaget. Dette må gjerast, før ein sett konkrete føresegn i samsvar med T-1442/2021 (sjå punkt 3.2.2 og 4.6). Vi viser også til [«Veileder om behandling av støy i arealplanlegging»](#).

ROS-analyse

Det er ikkje utarbeida eigen ROS-analyse for planendringa. Vi stiller spørsmål ved i kva grad det er utført ROS-analyse for området tidlegare. Vi minner om at kommunen skal syte for at det vert gjennomført ein ROS-analyse for planer som opnar for utbygging jf. pbl. § 4-3.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN